

Gamleskolen vil frå 29. august og 5 onsdagar til få ein ny funksjon - han vert dataskule, Uskedalen Utvikling har lenge hatt ein plan om å avvikla ein seniorsurf for de som ynskjer å verta flinkare med PC-en. Endeleg klaffa det då Hans Odin Østebø sa seg villig til å vera lærar. Han har bakgrunn frå liknande oppgåver og er svært flink på data.

At det verkeleg er ein betydeleg interesse for eit slikt tiltak vart understreka ikveld då 16 stilte til oppstartmøte og kunne legge fram sine ynskje om tema. Kombinert med lærarens forslag vart resultatet slik for dei 6 kurskveldane som kvar vil vara i 2 timar:

- * Generelt om PC-bruk
- * Utforsking
- * Internett
- * Kamera
- * Slektsforsking
- * Epost

Det kan eventuelt bli ein sjuande kurskveld som handlar om powerpoint. At dette verkeleg blir ein surf for seniorar i ordets rette forstand vert understreka av elevane sine dåpsattestar. Alderen varierar frå 59 til 89 år!

På biletet er elevflokket samla rundt læraren

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen